

Er du inhabil?

At ein person er inhabil betyr at det ligg føre forhold som er eigna til å svekke tilliten til hans eller hennar upartiskheit. Dersom det ligg føre slike forhold, føreset reglane om habilitet at vedkomande ikkje skal delta i handsaminga eller i avgjerda av den konkrete saka. Habilitetskravet gjeld ikkje berre den tenestemannen/folkevalde som skal treffe avgjerd i ei sak, men også den eller dei som skal utgreie eller førebu saka.

Det er fleire omsyn som talar for at den som har eigeninteresse i utfallet av ei sak, ikkje bør handsame eller avgjere saka: For det første kan det vere fare for at vedkomande vil opptre partisk. For det andre er det avgjerande at innbyggjarane har tillit til at tenestemenn/folkevalde opptre upartisk. Og for det tredje beskyttar habilitetsreglane tenestemenn/folkevalde mot utilbørleg press utanfrå.

Inhabilitet har to verknader: For det første vil respektive tenestemann ha rett og plikt til å tre tilbake frå handsaminga av saka der han er inhabil, noko som er ledd i god forvaltningsskikk. For det andre kan avgjerd(er) fatta av ein inhabil tenestemann bli ugyldige.

For folkevalde avgjer det kollegiale organet sjølv habilitetsspørsmålet for det einskilde medlemmen. Avgjerda kan ikkje delegerast. Den medlemmen habilitetsspørsmålet gjeld kan gje uttrykk for si oppfatning av spørsmålet. Utover dette kan ikkje medlemmen delta i avgjerda, verken i drøftinga av eller i avstemming av saka.

De ulike typetilfella som medfører inhabilitet er lista opp i forvaltningsloven § 6 første ledd bokstav a-e. Typetilfella vert supplert av den skjønsmessige føresegna i forvaltningsloven § 6, andre ledd. Denne gjeld "andre særegne forhold" som er eigna til å svekke tilliten til at tenestemannen er upartisk.

Regelverk

Reglane om habilitet følgjer av kommuneloven § 40 nr. 3, som inneheld særreglar for inhabilitet for folkevalde. Føresegna viser elles til forvaltningsloven sine reglar om habilitet kap. II § 6.

Kommuneloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>

Forvaltningsloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10?q=forvaltningsloven>



Rutinar ved inhabilitet


Den folkevalde må melde frå til møteleiar i god tid før møtet, dersom han meiner at han ikkje er habil.

Vurderingar:

1. Dersom det er grunn til å tru at inhabilitet ikkje ligg føre: Møteleiar orienterer organet om vurderinga som er gjort.
2. Dersom det er grunn til å tru at inhabilitet ligg føre: Sekretariatet varslar vara.
3. Møteleiar tek opp spørsmålet i samband med at saka skal handsamast: Det er organet sjølv som avgjer om medlemmen er inhabil.
4. Den det gjeld uttalar seg om spørsmålet, og fråtrer.
5. Varamedlemmen tiltrer
6. Organet stemmer over spørsmålet.
7. Organet sin avgjerd vert protokollført på saka.
8. Saka vert teken opp til handsaming.

Nokre gongar kan det vere vanskeleg å vurdere om ein person er habil eller ikkje. Det er betre å stille spørsmålet om dette ein gong for mykje enn ein gong for lite. Det er opp til det politiske organet å avgjere spørsmål om habilitet, men det er den folkevalde sitt ansvar å ta opp spørsmålet.

Rettleiaren under seier noko om når du som folkevald er å vurdere som inhabil. Sjå elles reglane i forvaltningsloven kap. 2 og kommuneloven § 11-10.





**RELATIV
INHABILITET**

Du **kan** vere inhabil
dersom:

Andre særeigne forhold
svekker tilliten til din
upartiskheit

Det skal m.a. leggjast
vekt på om avgjerda kan
føre til særleg fordel,
tap eller ulempe for deg
sjølv eller nokon du har
personleg tilknytning til

***Den særlege
fordelen eller
ulempa kan vere
av både ideell,
økonomisk, fagleg
eller
prestisjemessige
grunner

Forvaltningsloven
§ 6, andre ledd

